



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
13.08.2015
Dykkar dato
01.07.2015

Vår referanse
2015/9314 561
Dykkar referanse
15/2947

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til søknad om konsesjon for bygging av Miljateig kraftverk i Etne kommune

Fylkesmannen ber NVE vurdere søknad om bygging av Miljateig kraftverk kritisk ut frå ei samla vurdering av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og legge vekt på nasjonale og regionale verdiar i regionen.

Fylkesmannen viser til revidert forslag for bygging av Miljateig kraftverk ved Markhus på sørsida av Åkrafjorden. NVE ga i 2014 avslag på konsesjonssøknad om Miljateig Skålnes kraftverk, eit prosjekt som og Fylkesmannen rådde frå.

Om søknaden og konsekvensar for ålmenne interesser

Det nye prosjektet er redusert i omfang. Overføringa av Skålneselva er teke ut av prosjektet og inntaket i Miljateigselva er flytta ned til kote 217. Konsekvensvurderingane i nytt prosjekt er basert på fagrapportar frå tidlegare søknad.

Ein vil nytte same trase for røyrgate og plassering av kraftstasjon som i søknad frå 2012. Middels produksjon er rekna til 8 GWh/år med planlagt minstevassføring på 27 l/s, lik lågvassføringa.

Røyrгатetraseen på 900 m vil krysse gamle E-134 og gardsvegen til Markhus i bratt terreng. Dette vil krevje ein del sprenging, og inngrepet her vil bli synleg frå fjorden, spesielt i anleggstida og perioden etter. Lenger opp vil røyrгата følgje eksisterande skogsveg som går opp til kote 230. Denne vil bli utbetra og utvida til standard traktorveg klasse 7. Det må byggjast 40 m veg frå gamle E-134 ned til kraftstasjonen ved sjøen, med utsprenging av område for bygging og snuplass.

Miljateigselva er til dels bratt og lite tilgjengeleg. Der er fleire fossesprøytsonar i bekkekløfta, og vegetasjonen vil bli påverka av redusert vassføring. Utbyggjar reknar konsekvensane til *middels negative*.

Det nye prosjektet for Miljateigselva vil i følgje søkjar ikkje føre til tap av inngrepsfri natur (INON-områder), men det er ikkje lagt fram kart som viser dette. Fylkesmannen vil peike på utbyggingsområdet ligg ved oppgangsområdet til fjellområde med stor regional verdi. Det går ein mykje brukt tursti frå Markhus til Sandvasshytta. Området er i fylkesdelplan for små

kraftverk i Hordaland vist som viktig, sårbart fjellområde. Fylkesmannen har i fleire samanhengar vist til dette, jf. våre motsegner til Hetleflåt- og Bordalsalternativa for Rullestad-utbygginga.

Samla belastning

Av dei mange vassdraga som drenerer ut i Åkrafjorden er Mosnesvassdraget, Vaulavassdraget med Langfoss og Saltåna verna mot kraftutbygging. Av utbyggingsprosjekt finn vi Rafdal kraftverk som er bygd konsesjonsfritt. NVE har gitt konsesjon til utbygging av Hetleflåt og Ripelselva, alle på sørsida av fjorden. På nordsida ligg Åkra kraftverk og Djuve kraftverk, som og har fått konsesjon. I tillegg kjem prosjekta aust for fjorden, Rullestad – Skromme og Håfoss kraftverk. Til tross for vernevedtaka er det samla sett stort trykk på vassdraga i regionen.

Åkrafjorden er som fjordlandskap med middels og stor verdi, karakterisert som viktig, klasse B i fylkesdelplanen. Det er interesser knytt til reiseliv og turisme i området.

Konklusjon

Fylkesmannen ber NVE vurdere søknaden om bygging av Miljateig kraftverk kritisk ut frå ei samla vurderinga av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og legge vekt på nasjonale og regionale verdier i regionen.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Etne kommune

Miljødirektoratet

Hordaland fylkeskommune

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Postboks 54

Postboks 5672 Sluppen

Postboks 7900

Tverrgt. 4/6

5591 ETNE

7485 TRONDHEIM

5020 Bergen

5017 BERGEN